

■ 50 000 til Norsahel

Nissedal formannskap ser positivt på ein søknad frå Norsahel om støtte, og løyver 50 000 kroner. Ein legg særleg vekt på at løyvinga sikrar ei deltidsstilling i kommunen, gjev merksemd ut over kommunens grenser og står opp om venskapskommunen Tambaga i Mali.

Hjelpeorganisasjonen Norsahel blei starta av nissedølar i 2013, er offisielt registrert i Mali og godkjent av nasjonale styresmakter til å utøve hjelp i landet. Dei

to hovudprosjekta til Norsahel i Mali er å kjøpe sykklar til Tambaga kommune for å stimulere til auka deltaking av jenter i skulen. Vidare å jobbe med å redusere talet på barn som dør alt ved fødselen, eit livbergingsprosjekt som Kavlifondet stør.


Halve tilskotet frå formannskapet skal gå til innkjøp av sykklar til ungdomsskulen i Mali. Resten skal gå til å vidareutvikle Norsahel som organisasjon.

Nissedølen Hølje Haugsjå er dagleg

leiar i Norsahel i ei 30–40 prosent løna stilling. Søknaden om støtte frå Nissedal kommune er den fyrste som har kome frå organisasjonen.

Nissedal har vore venskapskommune med afrikanske Tambaga sidan 2007.

Får tilskot: Hølje Haugsjå leiar organisasjonen Norsahel som får eit tilskot på 50 000 kroner frå Nissedal kommune.



Aktuelt

VTB

Leiar

Me er vesttelar frå Telemark

Telemark og Vestfold har kome lengre enn til flørtinga. Innan 1. desember skal det meldast tilbake til Regjeringa om kven ein eventuelt ynskjer å slå seg saman med i den såkalla regionreforma. Forhandlingsutvala for Telemark og Vestfold ynskjer å slå seg saman. Skagerak er bestemt som namn på den eventuelt nye regionen med Tønsberg som «hovudstad». Men det skal mellom anna jobbast med å få fylkesmannsambetet til Skien og Telemark. Det blir også trekt fram at kraftkronene skal behaldast i det som i dag er kjent som Telemark. Ein eventuell ny region vil tre i kraft frå og med 2020.

I intensjonsplanen er det mange fagre tankar. Den nye regionen har ein visjon om å «vera ein sterk innovasjons- og nyskapsregion i Europa». Det blir vist til felles utfordringar og moglegheiter som er vanskeleg å løyse kvar for seg. Derfor bør ein, ifylgje forhandlingsutvala, samordne kunnskap og ressursar.

Men me klarer ikkje å sjå korleis ei samanslåing skal gagne Vest-Telemark og Telemark, og har heller ikkje registrert at det er lagt nye oppgåver til større regionar. Regionreforma er ei sentraliseringsreform som vil svekke distrikta.

Ei samanslåing av Telemark og Vestfold vil gjera Vest-Telemark endå meir usentralt. Det blir i planen vist til mange likskapar mellom dei to fylka, men det er også mykje ulikt. Vinje – 1 av dei 18 kommunane i Telemark – er monaleg større enn heile Vestfold fylke. Du får plass til Vestfold fylke tre og

ein halv gong på kartet over Vest-Telemark. Dessutan er innbyggjartala i Vestfold noko heilt anna enn i størstedelen av Telemark. Folk bur naturleg nok mykje tettare i Noregs minste fylke.

Avstandane vil bli større. Og påverknaden mindre. Det er grunn til å rope eit varsku på vegne av distrikts-Vest-Telemark når den politiske og administrative makta blir lagt til eit fylke som ein kan køyre gjennom på ein time. I Telemark blir det tatt omsyn til distrikta. Distrikta finst knapt i Vestfold. Ja, det blir sagt at fylkesvegane i Telemark skal prioriterast. Men blir det slik? Og kva med dei vidaregåande skulane som alt er under press år etter år. Me veit at det er trange tider i fylkeskommunen, men at det blir betre av å slå saman to fylke til ein region, klarer me ikkje å sjå.

Det er også grunn til å tru at nynorsk blir sett under press når ein slår saman eit fylke der om lag halvparten av kommunane nyttar nynorsk med eit fylke der alle kommunane er bokmålskommunar.

Ein skal heller ikkje undervurdere identiteten vår. Telemark er eit solid merkenamn som står støtt i heile verda med historisk klang. Sjølv om det i intensjonsplanen blir understreka at «fylkesnamna skal bestå der dette er formålsteneleg» vil merkenamnet Telemark bli vatna ut når havnamnet «Skagerak» blir samleomgrepet om kvar me kjem frå.

Nei – me er vesttelar frå Telemark – og me er stolte av det.



Du får plass til Vestfold fylke tre og ein halv gong på kartet over Vest-Telemark.

PFU

Pressens Faglege Utval er eit klageorgan oppnemnt av

Norsk Presseforbund. Organet som har medlemmer frå presseorganisasjonane og frå ålmenta, handsamar klager mot pressa i presseetiske spørsmål.

Adresse: Rådhusgt. 17, pb 46 Sentrum, 0101 Oslo. Tlf./faks: 22 40 50 40/55.

E-post: pfu@presse.no



Sa unnskyld: Ordførar Halfdan Haugan reiste seg og beklaga seg til rådmannen og formannskapsmedlemmene.

Ordføraren beklaga seg for formannskapet

Seljord-ordførar Halfdan Haugan (Ap) beklagar at formannskapet lukka dørene og at han heldt tilbake ein e-post i saka som handla om Telemark bilruter si etablering i Nordbygdi.

VTB Tone Tveit
tone.tveit@vtb.no

Då formannskapet var samla i Seljord torsdag, tok ordførar Halfdan Haugan ordet før dei starta på saklista. Han reiste seg – i handa hadde han eit manus.

– Eg ynskjer å seie noko i samband med det som skjedde i formannskapssaka som har blitt til ei mediasak og som ein del av politikanane har vore veldig opptekne av, noko eg har full forståing for, innleide han.

– Det var slik at me hadde eit møte som blei lukka på feil grunnlag, det beklagar eg. Det var også ein e-post frå fylkesmannen som ikkje blei lagt ut offentleg – det beklagar eg også, sa ordføraren.

Han håpa at formannskapet kunne kome fram til ei samla uttale om lukking av møtet.

I uttala konstaterer formannskapet at det er gjort feil i saka.

– Klart medverkande til denne feilen var for dårleg saksgrunnlag ved at e-posten frå fylkesmannen til ordførar, med fråråding om lukking, ikkje blei lagt fram. Ordførar har beklaga dette og vil for framtida syte for at kommunikasjon med fylkesmannen om sakshandsaming og legalitetsvurdering blir gjort skriftleg og lagt fram i dei sakene det gjeld. Formannskapet er samd i dette. Formannskapet legg prinsippet om meiroffentlegheit til grunn, las ordføraren og la til at han også skulle få med det han hadde innleidd saka med i protokollen.

i Dette er saka

– Formannskapet i Seljord vedtok 22. september at kommunen skal leggje til rette for infrastrukturen på ei tomt Telemark bilruter vurderer å etablere seg på i Nordbygdi.

– Møtet blei halde for lukka dører, trass i at rådmann, to formannskapsmedlemer

og fylkesmannen frårådde dette.

– Alle dokumenta i saka blei unnateke offentlegheita.

– Fylkesmannen har konkludert med at kommunen har brote offentleglova i denne saka.

«E134: – Utruleg» Ytringar på side 27, 28 og 29